

Høyringssvar frå Memoar -



Bevaringsstrategi industrielle kulturminne.

Memoar er ein frivillig organisasjon med formål “*å bygge levande kulturminne gjennom å samle, dokumentere, dele, bevare og formidle ytringar om levd liv, livserfaringar og refleksjonar rundt opplevd historie*”. Vi er medlem av Kulturvernforbundet og Landslaget for lokalhistorie.

Generelt om Riksantikvarens forslag:

Vi er veldig glade for at bevaringsstrategi for næringars og industriars kulturmiljø blir løfta fram, og at vi får høve til å gi våre innspel! Vi synest det er eit svært godt arbeid som er gjort. Men vi vil gjerne foresla yttarlegare styrking på to felt: **Immateriell kulturav og involvering av frivillige**. Begge kan styrkast gjennom å skrive inn **munnleg historie** (oral history) som viktig i bevaringsstrategien.

Immateriell kulturav:

Vi synest “prinsipperklæringa” i innleiingskapitlet er viktig (s. 6): *“Materiell og immateriell kulturav er uløselig knyttet sammen og møtes i de fysiske omgivelsene, i fortellinger og gjennom tradisjoner og språk. Driftskompetanse og kunnskap om materialer er for eksempel helt avgjørende for å ta vare på og forvalte kulturmiljø”*.

Men vi meiner det vil styrke dokumentet lenger nede i teksten, dersom det blir gjort tydelegare at immateriell kulturav omfattar meir enn handlingsboren handverks- og materialkunnskap. For vår del har vi hovudfokus på den fyrste av dei fem definisjonane som er lista i artikkel 2 i UNESCO-konvensjonen om “intangible heritage”, altså munnlege ytringar, tradisjonar og språk. I det daglege brukar vi å kalle vi dette *munnleg kulturav*. Denne delen av kulturaven kan ikkje tilbakeførast, slik maskinar, bygg og båtar kan: Men han kan bevarast gjennom seriar av intervjuopptak med personar som er (eller var) del av industrimiljøet. Det er dette vi meiner med munnleg historie.



(Munnleg historieintervju frå Ål Bygdearkiv - Margit Skrindo blir intervjuet av Anne Marie Kollhus)

Vi vil gjerne legge fram nokre argument for kvifor dette er særleg viktig i ein bevaringsstrategi for industrielle kulturminne:

1. Handlingsboren kunnskap er ikkje “taus”.

Når folk som ennå har levande fabrikkmiljø høgt i minnet, blir inviterte til å fortelje, boblar forteljargleda hos dei fleste. Dei er ei hovudkjelde til kunnskap om arbeidsmåtar, metodar, verktøy, tradisjonar, ritual, sosial praksis og alt det som til saman utgjer den immaterielle arbeidsarven. Det er veldig bra at førindustrielle handverksfag blir halde i hevd gjennom stipendordningar, bevarings- og tilbakeføringsprosjekt. Men ein liknande strategi for industrifag er ulikt mykje meir ambisiøs, av di mangfaldet av verktøy og arbeidsprosessar er veldig mykje større, og levetida til nye industrifag som oppstår er ulikt mykje kortare på grunn av den raske teknologiutviklinga.

Dokumentasjon gjennom munnleg historie - altså samlingar av intervjuopptak - er eit svært verdfullt supplement til materielle kulturminne og handverkstipend.

2. Den immaterielle industriarven er “polyfonisk”:

Ein skal ikkje intervjué så mange ovnskøyrarar eller montørar eller filétarbeidarar før ein finn stor variasjon i erfaringar og meningar om kva som er eller var den beste måten å arbeide på. Det er eit særtrekk ved den industrielle epoken at ingenting er “ferdig” - det finst alltid betre måtar å gjere ting på, derfor finst ein evig diskusjon og konkurranse frå topp til botnas i alle industrielle organisasjonar. Denne mangestemtheten (“polyfonien”) innehold både spenningar og harmoni, og er ein viktig drivar i industrihistoira. Det er berre gjennom seriar av intervjuopptak at det kan skaffast kjeldegrunnlag for kunnskap om dette kulturtrekket.

3. Fagleg og sosial mobilitet:

Mangesysleriet er ikkje berre noko som særpregar den førindustrielle epoken eller småindustri i bygdemiljø. Det er eit særtrekk ved heile den industrielle kulturen - i alle fall i Noreg. Dei fleste norske industriarbeidarar har erfaringar frå mange arbeidskulturar: Jordbruk, skogbruk, sjøfart, fiske, ulike industrielle bransjar og ulike tertiærnæringer. Også dei som har vore tilsette i same bedrift gjennom heile livet, har som regel opplevd store omskiftingar innafor bedriftsporten. (Bedrifter som har overlevd lenge, har klart det gjennom stadige omstillingar). Mobiliteten og mangesysleriet har hatt veldig stor betydning i heile kulturmiljøet - tenk berre på sjøfolka si betyding for den nye oljenæringa. Den mest effektive måten å samle kunnskap om denne delen av den immaterielle kulturarven, er også gjennom seriar av livsløpsintervju.

4. Innovasjon handlar ikkje berre om oppfinnnarar:

Mangfaldet av erfaringar og den evige konkurransen internt i dei industrielle organisasjonane er to hovudforklaringar på innovasjonskulturen i norsk industri. Det er ingen tvil om at ingeniørkunsten har hatt stor betydning, slik det er peika på i forslaget til bevaringsstrategi (s. 28 og s.31). Men ein skal ikkje ha gjort så mange industrihistoriske breiddeintervju før ein blir slått av kor mange og ulike kompetanseområde som faktisk er og har vore i sving i innovasjonsprosessar. Kjerna i industriell organisering er jo å stykke opp arbeid og dermed kompetanse, for så å organisere eit samspel som mangedoblar effekten. Slik er det også i innovasjonsprosessar. Der praktisk erfaring og teoretisk innsikt har kommunisert i gjensidig respekt, har det vore stor innovasjon. Det er såre menneskeleg at kvar enkelt part ser egne bidrag betre enn andre sine. Men gjennom breie intervjuseriar med både ingeniør,

handverkar, prosessarbeidar og støttepersonell, kan det samlast materiale om korleis innovasjon faktisk foregår.

5. “Den norske modellen”:

Endå ein kategori “usynlege” særtrekk er forholdet mellom formell og faktisk organisasjon. Formelt har industriorganisasjonen utvikla seg i retning frå hierarki mot flatare og meir nettverksprega strukturar. Det *kan* hevdast, at denne utviklinga har handla om å bringe formell organisering meir i samsvar med det som alltid har vore den faktiske. Egalitære trekk i norsk industrikultur kan knyttast til tradisjonar heilt tilbake til det førindustrielle *gardstunet* eller *lottlaget* i fisket eller *partsrederiet* i sjøfarten. Altså at ein kultur utan adel og utan godsherrar fann andre måtar å organisere både kapitaltilgang og arbeidsorganisasjon på, og at slike lange, immaterielle kulturtrekk framleis er høgst levande i industrikulturen. Dette er fenomen som vanskeleg kan utforskast gjennom andre metodar enn å høyre etter på kva folk fortel om sine eigne livsløp og refleksjonar.

Kort sagt: Dei menneskelege ressursane

Strategiforslaget kan lesast slik at alt det som er nevnt over er inkludert, for eksempel i neste “Prinsipperklæring” (side 28): *“De menneskelige ressursene har vært viktige forutsetninger for industrivirksomhet på flere plan, både gjennom forskning og byggevirksomhet og i alle ledd av produksjonen. De representerer ulike typer kompetanse innenfor vitenskap, ingeniørkunst og håndbåren kunnskap”*.

Men vi meiner altså at det vil styrke strategien å tydeleggjere at immateriell industriarv handlar om meir enn håndbåren kunnskap, og at systematisk innsamling av munnleg historie vil skape et stort og “nytt” kjeldemateriale for kunnskap om dei immaterielle sidene av industrimiljøa.

Innovering av frivillige

Alle desse eksempla er noko som industrifolk vil kjenne igjen. Svært mange deltek i aktivitetar som på ulike måtar fører kulturen vidare. Strategiutkastet peikar fleire stader på det frivillige engasjementet rundt vedlikehald og bruk av bevegelege kulturminne. Vi er veldig samde i at dette er betydeleg. Men også rundt mange andre industrielle kulturminne er det høg aktivitet, både gjennom tradisjonelt frivillig kulturvern og organisasjonar som pensjonistforeningar, museumslag og liknande.

Vi trur at ei satsing på innsamling, dokumentasjon, bevaring og ikkje minst deling av munnleg industrihistorie vil kunne utløyse eit stort frivillig engasjement. Den store Arbeiderminneinnsamlinga som blei gjennomført i regi av Norsk Folkemuseum på 1950-talet kan vere førebilde for ei ny stor innsamling. Den gong vart det samla eit stort og verdfullt kjeldemateriale 50 år etter den andre industrielle revolusjonen. Vi er nå omlag like langt etter den tredje, og det vil vere svært naturleg å gjere eit tilsvarande krafttak igjen!

Vi vil også minne om at munnleg historie er ein svært kostnadseffektiv form for kulturvern. Utstyr til opptak, redigering og lagring av munnleg primærkjeldemateriale er ikkje kostbart i dag. Ein stor del av arbeidet i ei ny arbeiderminneinnsamling vil kunne gjerast av frivillige. Og det er grunn til å vente at både fagrørsle og bransjeorganisasjonar vil stille opp i eit samarbeid - saman med frivillig og profesjonelt kulturvern.

Forslag til nytt gjennomgående innsatsområde:

Vi synest argumentasjonen over er så viktig at vi tillet vi oss å foreslå munnleg historie som eit femte gjennomgående innsatsområde i strategien. I tabellen på side 9 foreslår vi fylgjande formuleringar:

Innsatsområde	Forventet effekt:	Effektmål:
Muntlig historie	Ei ny stor Arbeiderminnesamling er arkivert, og har ført til oppblomstring av forskning og annen kulturproduksjon om immateriell industrihistorie.	<ul style="list-style-type: none">- Et stort frivillig engasjement har ført til at mange har latt seg intervjuet, og mange frivillige deltar som intervjuere.- Nye forskingsspørsmål og nye tema for litteratur og annan kulturproduksjon er utkristalliserte- Muntlig historie er blitt permanent aktivitetsområde både i frivillig og profesjonelt kulturvern.

Så foreslår vi justeringar ved at dette femte innsatsområdet vert skrive inn i dei avsnitta som fylgjer.

“Subsidiært” forslag:

Det er forståeleg om våre forslag blir oppfatta som “for mykje - for seint”. Til vårt forsvar vil vi minne om at både vi og andre i Kulturvernforbundet har løfta fram den immaterielle industriarven både i skriftlege og munnlege innspel i strategiprosessen, utan at vi føller vi har nådd fram.

Viss vi heller ikkje når fram denne gongen, vil vi gjerne foreslå for Riksantikvaren at det blir arrangert eit seminar der både frivillig og profesjonelt kulturvern blir inviterte til å dele erfaringar og tankar om korleis immateriell industriarv kan sikrast betre.

Bergen - 9. juni 2025



For Memoar - Bjørn Enes (styreleiar)

